

Innkalling til møte i felles programstyre for lektorutdanninga Møte 3 2023

Tidspunkt: 10. mai 2023, kl. 10.00-12.00

Møtestad: Langes gate 1, 2. etg

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll frå møtet 22. mars

Protokollen er sendt ut.

III Diverse tilbakemeldingar frå programstyreleder

1. Styringsgruppemøte 03.05.23
2. UHR-møte 25.-26. april

Vedtakssaker

Sak 22/23 Møteplan haust 2023
Notat frå lektorsenteret

Sak 23/23 Ekstern fagfellesamling 2023
Notat frå lektorsenteret

Sak 24/23 Høyring om forslag til forenkling i rammeplanane for lærar- og lektorutdanningane
Notat frå lektorsenteret

Drøftingssaker

Sak 25/23 Fagkombinasjonar i lektorutdanninga
Notat frå lektorsenteret

Sak 26/23 Fagfellerapportar 2022
Notat frå lektorsenteret

Orienteringssaker

Sak 27/23 Redesign
Notat frå lektorsenteret

Sak 28/23 Søkartal og rekruttering
Notat frå lektorsenteret

Sak 29/23 Nytt frå praksisutvalet
Munnleg orientering frå fagleg praksiskoordinator

Sak 30/23 Lektorsenteret sine lokale
Munnleg orientering frå leiar

Sak 31/23 Eventuelt

Sak 22/23 Møteplan haust 2023

Notat frå lektorsenteret

Vedtakssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 10. mai 2023

ephorte: 23/206

Framlegg til møteplan for haust 2023:

- 7. september, kl. 09.00 – 11.00
- 9. november, kl. 09.00 – 11.00
- 7. desember, kl. 09.00 – 11.00

Framlegg til vedtak:

Felles programstyre vedtek framlegg til møteplan for hausten 2023.

Sak 23/23 Ekstern fagfellesamling 2023

Notat frå lektorsenteret

Vedtakssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 10. mai 2023

ephorte: 23/206

Bakgrunn:

Dei siste åra har lektorutdanninga ved UiB sine eksterne fagfeller blitt invitert til UiB. Dei har nytta opphaldet til å utføre delar av oppdraget sitt, som t.d. intervju/samtalar med tilsette og studentar ved UiB. Fagfellene får oppdraget sitt frå det enkelte fakultet og munnar ut i ein rapport med felles innleveringsfrist 1. desember. Opphaldet blir ofte kombinert med eit kort fellesprogram saman med felles programstyre og/eller middag på kvelden den eine dagen, medan den andre dagen har vert brukt til møter i fagmiljøa på det aktuelle fakultetet.

Førre fagfellesamling blei arrangert 2. – 3. november 2022 med følgende program:

Program 2.november:

Kl. 12.00 - 13.00: Lunsj
Kl. 13.00 - 15.30: - NOKUT si evaluering av lektorutdanninga v/ Endre Brunstad
- Redesign av den integrerte lektorutdanninga ved UiB v/Endre Brunstad
- Ev. innmeldte tema/saker frå fagfellene.
Kl. 15.30 - 16.30: Møte mellom fagfellene (om ynskjeleg).
Kl. 18.30: Felles middag

Program 3.november:

Fagfeller har møter med fagmiljøa etter eigne avtalar.

Dei eksterne fagfellene er:

- Fagfelle for lektorutdanningen ved Det humanistiske fakultet: Førsteamanuensis Jonas Bakken, UiO (foreløpig kontrakt ut juni 2023)
- Fagfelle for lektorutdanningen ved Det samfunnsvitskapelege fakultet: Førsteamanuensis Brita Bungum, NTNU
- Fagfelle for lektorutdanningen ved Det matematisk-naturvitskapelege fakultet: Førstelektor Anders Sanne, NTNU
- Fagfelle for pedagogikk i lektorutdanningen ved Det psykologiske fakultet: Førsteamanuensis, Katrine Nesje, UiO

Felles programstyre blir bedt om å drøfte:

1. Mogleg tidspunkt for samling 2023.
 - Med bakgrunn i at frist for innsending av rapport er 1. desember er det hensiktsmessig at samlinga blir planlagt for i oktober.
 - Tidspunkta må bli fastsett i samråd med fagfellene og koordinerast opp mot ev. andre avtalar som fakulteta har med fagfellene.
 - Lektorsenteret foreslår følgende alternativ: 23.-24. oktober eller 30.-31. oktober.
2. Kva tema bør vere med og ev. gjenstand for diskusjon?

Kvart fakultet dekker reise og opphald for sin fagfelle og organiserer dette direkte med fagfellen.

Framlegg til vedtak:

1. Felles programstyre foreslår at ekstern fagfellesamling blir arrangert [dato].
2. Programmet skal innehalde følgande poster [...] og omhandle følgande tema [...].

**Sak 24/23 Høyring om forslag til forenkling i
rammeplanane for lærar- og
lektorutdanningane**

Notat frå lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 10. mai 2023

ephorte: 23/206

Bakgrunn og mandat

Universitetsleiinga ber om innspel frå lektorsenteret og dei involverte fakulteta i samband med høyringssak frå Kunnskapsdepartementet om forenkling av rammeplanar for lærar- og lektorutdanningar. Programstyret har etter sitt mandat ansvar for å «behandle høyringssaker som berører lektorutdanningen ved UiB», og er såleis ein relevant innspelsaktør.

Utgangspunktet for høyringa er framlegg om forenklingar frå det hurtigarbeidande rammeplanutval. Desse framlegga vart sendt 15. mars frå utvalet, og kom på høyring frå Kunnskapsdepartementet 21. april med høyringsfrist 8. juni. Intern høyringsfrist ved UiB er 26. mai.

Arbeidet med forenkling av rammeplanar inngår som fase 1 i [eit meir omfattande arbeid for å gjere styringa av lærarutdanninga meir overordna og mindre detaljregulerande](#). I denne fasen skal det i følge [mandatet for rammeplanutvalet](#) ikkje skje endringar som er substansielle, men som kan bidra til forenkling ved å fjerne det som blir opplevd som strukturelle hinder for kvalitet i utdanningane.

I fase 2 vil regjeringa utgreie og kome med framlegg om korleis lærarutdanninga kan bli styrt meir overordna. Det arbeidet vil byggje på arbeidet med stortingsmelding om profesjonsutdanningar, i tillegg blir det peikt på komande evaluering av grunnskulelærarutdanninga.

I tillegg til behovet for å «styre mer i det store og mindre i det små», er det understreka frå departementet at det vil bli styring. Det er òg, i mandatet for rammeplanutvalet, peikt på behovet for «at de som tilbyr og samarbeider om lærerutdanning skal få større frihet og fleksibilitet til å videreutvikle utdanningene». Frå regjeringa si side blir særleg peikt på behov hos mindre UH-institusjonar i distrikta, og til at studentane skal kunne vere mobile.

Endringane i rammeplanar for lærar- og lektorutdanningane gjeld alle lærarutdanningar. Det er naturleg at UiB forhold seg til dei rammeplanane som er knytte til våre utdanningar, dvs. rammeplanar for lektorutdanning 8–13 og for PPU-A, og ikkje tek opp spørsmål knytte til grunnskulelærarutdanning og barnehagelærarutdanning. ¹

UHR

Det hurtigarbeidande rammeplanutvalet skulle i sitt oppdrag forhalde seg til gjeldande rammeplanar og til [framlegg frå UHR-lærarutdanning om forenklingar](#). UHR hadde fire framlegg til forenklingar:

1. Innpass av utdanningar: Institusjonane skal sjølve ha fagleg ansvar for å vurdere innpassing av utdanning frå andre institusjonar.
2. Praksis: Mindre detaljregulering, ikkje spesifisere praksis i fire av fem år.
3. BA-oppgåve: Bortfall av bacheloroppgåve som rammeplankrav.

¹ Vi finn det ikkje føremålstenleg at programstyret i denne samanhengen tek opp justeringar av rammeplan for lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 (LUPE-rammeplanen), sjølv om UiB forhold seg til denne rammeplanen gjennom årsstudiet i PPU i kunst, musikk og design også til. Vi vil her inntil vidare vise til Fakultet for kunst, musikk og design ved UiB.

4. RLE: I staden for å spesifisere 15 studiepoeng RLE i PEL-faget i GLU, ønskjer ein å få RLE-kompetanse inn i læringsutbyttebeskrivingane.

I presentasjonen frå rammeplanutvalet og i høyringsnotatet blir det vist til dei justeringsframlegga som UHR har kome med.

Generelt har rammeplanutvalet stort sett *ikkje* gitt støtte til framlegga frå UHR-lærarutdanning. Det gjeld innpassing av utdanningar utan fagdidaktikk og praksis (gjeld GLU-utdanninge), det gjeld talfesting av år med praksis, det gjeld bortfall av BA-oppgåve og det gjeld framlegget om å modifisere RLE-krav i PEL-faget i GLU. Rammeplanutvalet viser til at desse endringane vil vere substansielle, og at dei dermed bryt med premissane for endringane i fase 1.

Spørsmål i høyringsrunden

(I denne bolken er kommentarar til høyringsspørsmåla markert med feit skrift.)

1. Innpass av fag og utdanningar i lærerutdanningene

Rammeplanutvalgets vurdering:

UHR forslår å fjerne krav til fagdidaktikk og praksis ved innpass av tidlige utdanning. Her står viktige hensyn mot hverandre; profesjonsretting av lærerutdanningene, rekruttering og studentmobilitet. Vi mener at en slik endring av rammeplanene vil være mer enn en «moderat forenkling», og at konsekvensene av en slik endring er uklare og må utredes nærmere. Vi anbefaler derfor at det ikke gjøres endringer på dette punktet i rammeplanene på det nåværende tidspunkt, men at dette tas opp i det videre arbeidet med rammeplanene.

Kommentar:

Ikkje relevant for UiB. Vi oppfattar det slik at framlegg til endringar av krav til fagdidaktikk og praksis i denne samanhengen gjeld GLU og LUPE der fagdidaktikk er integrert i studiefaget. For lektorutdanning og PPU er fagdidaktikk og praksis spesifisert med omfang. (Denne kommentaren vil òg vere relevant i samband med dei tre spørsmåla frå KD.)

I fritaksbestemmelsene i forskrifter om rammeplaner for GLU § 6, 1. ledd, og LUPE § 5, 3. ledd, står det i dag at utdanning som skal gi grunnlag for fritak «skal omfatte fagdidaktikk og praksis(studier)». I tilsvarende bestemmelser i forskrifter om rammeplaner for øvrige utdanningar, står det henholdsvis «bør», «kan» og «må». I rammeplanene for alle lærerutdanningar er det et overordnet krav om helhet og sammenheng mellom fag, fagdidaktikk, pedagogikk og praksis.

I hvilken grad opplever institusjonene at krav om fagdidaktikk og praksis ved godkjenning av tidlige utdanning er til hinder for godkjenning, mobilitet og rekruttering?

Kommentar:

Ser institusjonene mulighet for å sikre krav om praksis og fagdidaktikk i kandidatens sluttkompetanse på annen måte, dersom dette mangler på godkjenningstidspunktet?

Kommentar:

Kan det å erstatte dagens «skal» / «må» med «bør» være forsvarlig med tanke på kandidatenes samlede profesjonsfaglige kompetanse? Er det forskjell mellom utdanningene?

Kommentar:

2. Praksis

Rammeplanutvalgets vurdering:

UHR foreslår å fjerne krav om fordeling av praksis gjennom utdanningsløpet og å fjerne formuleringer knyttet til integrasjon mellom fag og praksis og til progresjon i praksis. Utvalgets vurdering er at endringene potensielt kan svekke føringer om praksisnærhet og relevans, og anbefaler å beholde krav til fordeling av praksis gjennom utdanningsløpet, både av hensyn til studentmobilitet, for å sikre progresjon i praksisstudiet og for integrasjon mellom fagene i utdanningen og praksis. Samtidig ser vi at kravet om at praksis skal være en integrert del av «alle fagene i utdanningen» er svært vanskelig å oppfylle. Vi foreslår å bruke formuleringen «Praksisstudiet skal være tilpasset studentenes fagvalg» for å sikre at det er sammenheng med praksis og de fagene studentene har i studiet. Vi foreslår også å beholde kravet om progresjon i praksisstudiet, men fjerne detaljer som beskriver progresjonen.

Kommentar:

Vi støtter UHR og er kritisk til at rammeplanutvalet ikke støtter UHR på dette punktet.

Vårt generelle utgangspunkt er at vi ser det som positivt at praksis blir fordelt utover studieløpet i lektorutdanninga – på den måten blir det lagt til rette for integrasjon, progresjon og variasjon i praksisopplæringa. Samtidig er det komplisert å lage eit godt studiedesign når vi skal ta omsyn til svært mange strukturelle rammevilkår, også når det gjeld fordeling av tidspunkt for praksis. Rammevilkåra i lektorutdanninga blir særleg kompliserande fordi vi er avhengige av sambruk av disiplinfaglege studiefagsemne med andre studieprogram, og det fører i seg sjølv til fleire logistiske utfordringar. At det så er krav om praksis i fire av fem år, kan isolert sett verke føremålstenleg. Dette kravet går samtidig inn i kjede av krav og rammevilkår som samla sett er såpass rigide at dei skaper strukturelle hinder for kvalitet.

Difor vil UiB sjå positivt på ei forenkling som inneber at krava om praksis i minst fire av fem studieår blir endra til praksis i minst tre av fem studieår.

Vi er meir skeptiske til framlegget om at det ikkje skal forskriftsfestast at studentar skal ha godkjent praksis i studieåret før dei kan gå vidare i praksisopplæringa. Her ser vi utfordringar med manglande praksiskompetanse og praksisprogresjon hos studentane. Desse utfordringane kan UiB løyse med å innføre interne progresjonskrav.

Kunnskapsdepartementets tilleggsspørsmål til høringsinstansene:

Praksis som en integrert del av lærerutdanningene er ment å styrke profesjonsrettingen av utdanningen og samhandlingen mellom fagmiljøene og praksisfeltet. Den flerårige satsingen på partnerskapssamarbeid om praksis skal også styrke dette.

- a) Er profesjonsrettingen av utdanningen, og samhandlingen med praksisfeltet, nå god nok til at vi kan redusere føringer om praksis i alle fag?

Kommentar:

Framlegget om å ikkje ha tydeleg krav til praksis i fag, er uheldig, fordi det vil bryte med prinsippet om samanheng mellom studiefag og praksis. Det vil vere uheldig ikkje berre for disiplin faga/studiefaga som kan få ei meir lausriven rolle, men òg for praksis som kan bli mindre knytt til studiefaget.

b) Hva mener høringsinstansene om forslaget om at praksis ikke skal være et absolutt krav i alle fag, men tilpasses studentenes fagvalg, versus kravet om praksis for godkjenning av tidligere utdanning, jf. punkt 1?

Kommentar:

For lektorutdanning og PPU ser vi det som nødvendig at praksis skal knytt til studiefaget, og viser til dei same kommentarane som er gitt for pkt. a gjeld for pkt. b.

I forskrift om rammeplan for lærerutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 står det at institusjonen avgjør veilednings- og vurderingsmåter for 30 dager praksis. En konsekvens av rammeplanutvalgets forslag er at disse dagene skal være veiledet og vurdert.

c) Ser høringsinstansene noen implikasjoner av forslaget om at all praksis skal være veiledet og vurdert?

Kommentar:

Ikkje relevant for UiB.

Rammeplanutvalget foreslår å beholde føringen om at utdanningene skal vektlegge overganger, men å stryke bestemmelsen i GLU og BLU om praksis i henholdsvis barnehage, grunnskole og videregående skole. Det foreslås også å stryke bestemmelsen i rammeplanene for lektor og PPUA om at studenter med fagbakgrunn i fellesfagene i videregående opplæring møter elever på ulike studieprogrammer i løpet av praksisopplæringen.

d) Hva mener instansene om endringsforslagene som gjelder praksis med vekt på overganger i utdanningsløpet (GLU, BLU) og praksis rettet mot ulike studieprogram (PPU, lektor)?

Kommentar:

Overganger er eit relevant tema i praksisopplæringa. Samtidig vil det vere ei substansiell endring å innføre krav om eit slikt tema som ikkje er nemnt i den eksisterande rammeplanen. På den bakgrunnen kan vi ikkje sjå at det er rom for denne endringa i denne fasen.

Praksis i ulike studieprogram i vidaregåande opplæring er ønskeleg, men ikkje alltid mogleg å få til for den einskilde studenten. Såleis stiller vi oss ikkje negative til ei forenkling på det punktet.

De eldre rammeplanene for lærerutdanning bruker termen «praksisopplæring». Med GLU kom termen «praksisstudium» for å understreke at praksis er en del av en forskningsbasert utdanning. I LUPE brukes «praksis». Rammeplanutvalget foreslår at alle utdanningene bruke «praksisstudium».

e) Hvordan mener høringsinstansene at «praksisdelen av utdanningen» bør benevnes?

Kommentar:

Vi ser det som mest føremålstenleg at termen «praksisopplæring» eller «praksis» blir brukt, for å understreke sammenhengen med profesjonsfag og studiefag, slik at praksis ikkje blir forstått som ei autonom eining.

3. FoU-oppgave i de femårige utdanningene og vitenskapsteori og metode

Rammeplanutvalgets vurdering:

UHR forslår å fjerne FoU-oppgaven i de femårige utdanningene og å fjerne formuleringer om å introdusere temaet vitenskapsteori og metode tidlig i studiet og om progresjon. Dette opplever utvalget som en svekkelse av føringene om forskningsbasering i utdanningene og ikke i tråd med mandatet om «moderate endringer». Vi ønsker derfor å beholde krav om en FoU-oppgave i løpet av de tre første årene og krav om tidlig innføring av og progresjon i temaet vitenskapsteori og metode. Samtidig ser vi behovet for større fleksibilitet både om når FoU-oppgaven skal skrives og om hvilke fag som skal være involvert. Dette gjenspeiles i vårt forslag.

Kommentar:

Det er ei substansiell endring å gjere eit namneskifte frå bacheloroppgåve til »FoU-oppgåve«, fordi fou-oppgåver vanlegvis er knytt til integrasjon av praksis og teori, medan krav til bacheloroppgåver er meir opne. Det er vidare ei substansiell endring at denne oppgåva skal vere karakterisert som profesjonsretta. I dag er bacheloroppgåvene ved UiB knytte til disiplinfag, og det er disiplinfaglege miljø som gir rettleiing i desse oppgåvene. Ei endring her vil såleis òg ha ressursmessige implikasjonar. Samla sett vil endringsframlegget bryte med premissane for forenklingar av rammeplanen.

Vi stiller oss difor negative til framlegget om å erstatte bacheloroppgåve med profesjonsretta FoU-oppgåve, og ser det som meir føremålstenleg at det blir opp til institusjonane sjølve om dei ønskjer å ha bacheloroppgåve i studiet.

Vi ser det samtidig som ei forenkling dersom den eksisterande bacheloroppgåva ikkje skal vere spesifikt knytt til tredje studieår, men skal skrivast i løpet av dei tre første åra.

4. RLE som modul i PEL-faget

Rammeplanutvalgets vurdering:

UHR foreslår å ta bort punktet i rammeplanene for grunnskolelærerutdanningene om RLE-modulen på 15 studiepoeng i faget pedagogikk og elevkunnskap. UHR foreslår endringer i §2 Læringsutbytte som følge av dette. Vi forstår UHRs argument om at RLE-modulen er detaljstyring av hvordan institusjonene skal organisere utdanningen, men siden forslaget innebærer endringer i §2, oppfatter vi at det ligger utenfor vårt mandat (jf «...det samlede læringsutbyttet for utdanningene skal ligge fast»). Utvalget vurderer dette til å være mer enn en moderat endring, og at konsekvensene av en slik endring er uklare og må utredes nærmere. Vi foreslår derfor ikke endring på det nåværende tidspunkt, men at dette punktet tas opp i det videre arbeidet med rammeplanene.

Kommentar:

Ingen.

5. Studie-/programplan

Rammeplanutvalgets vurdering:

Rammeplanene for grunnskolelærerutdanningene og for lærerutdanningen i praktiske og estetiske fag har omfattende og til dels svært detaljerte beskrivelser i § 4 om studie- /programplan, og mange tilsvarende formuleringer i §2 Læringsutbytte. Rammeplanene for de andre utdanningene har et ganske kortfattet og nesten likelydende avsnitt som beskriver studie-/programplan. Utvalgets forslag er at alle rammeplanene får en tilnærmet likelydende tekst i § 4 basert på den teksten de fleste rammeplanene har i dag. Vi foreslår å tilføye formuleringer om helhet og sammenheng, tverrfaglighet og internasjonalisering, siden dette ikke er dekket i §2 Læringsutbytte. Vi foreslår også lik bruk av begrep og overskrift i alle rammeplanene: §4 Nasjonale retningslinjer og studieplan. Vi foreslår å bruke benevnelsen «studieplan» da denne benevnelsen virker å være mest utbredt, blant annet blir den brukt ved samtlige lærerutdanninger representert i utvalget, og i tråd med terminologi i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.

Kommentar:

Ingen.

6. Internasjonalisering

Rammeplanutvalgets vurdering:

UHR foreslår endringer i formuleringer om utveksling og internasjonalisering i § 3 i rammeplanen for yrkesfaglærerutdanning for trinn 8–13. Som punktet over beskriver, foreslår vi å ta internasjonalisering inn som et punkt i utdanningenes studieplaner. Vi mener dette gir en sterk føring om internasjonalisering av lærerutdanningene, samtidig som det ivaretar fleksibiliteten den enkelte institusjon trenger. Vi foreslår derfor å ta bort punkt/formuleringer knyttet til internasjonalisering andre steder i rammeplanene.

Kommentar:

Ingen.

7. Rammeplan for yrkesfaglærerutdanning for trinn 8–13

Rammeplanutvalgets vurdering:

UHR foreslår en rekke endringer i rammeplan for yrkesfaglærerutdanning for trinn 8– 13 (YLU). I løpet av utvalgets arbeidsperiode har Nasjonalt fagorgan for faglærerutdanning hatt møte og kommet med egne innspill og kommentarer til UHRs endringsforslag. Utvalget, fagorganet og UHR er enige om at inndelingen i emnegrupper bør endres, og at bacheloroppgaven bør inngå i et emne på 30 studiepoeng. Det er ulike og til dels motstridende forslag til ordvalg i rammeplanen, blant annet yrkesfag – yrkesdidaktikk, pedagogikk – yrkespedagogikk. Da det tydeligvis er en pågående diskusjon i fagmiljøet, velger vi å la dette stå uendret i vårt forslag til ny rammeplan og overlate diskusjonen til høringsrunden, og eventuelt det nye rammeplanutvalget. Som følge av endringer i YLU-planen foreslår vi noen endringer i form av harmoniseringer i formuleringer i rammeplanen for praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag (PPU-Y).

Kommentar:

Ingen.

Kunnskapsdepartementets tilleggsspørsmål til høringsinstansene:

a. Har høringsinstansene kommentarer til dette punktet?

8. Harmonisering av struktur og formuleringer

Rammeplanutvalgets vurdering:

Som UHR er inne på i sitt brev av 31.01.2023, mener også vi at det bør være samsvar mellom rammeplanene i for eksempel struktur og formuleringer. Et felles oppsett vil bidra til både å tydeliggjøre likhetene, men også forskjellene mellom utdanningene. I våre forslag til reviderte rammeplaner har vi derfor harmonisert ordlyden i overskrifter: §3 Struktur og innhold og § 4 Nasjonale retningslinjer og studieplan. Vi foreslår også samme struktur og formuleringer i innledningene i §2 og §3. Disse endringene handler om å lette lesbarheten på tvers av rammeplanene og har neppe betydning for innholdet. Vi anbefaler også at alle rammeplanene har et oppsett med nummererte punkter (ikke avsnittinndeling med innrykk).

Kommentar:

Vi ser på dette som redaksjonelle justeringar.

Framlegg til vedtak

Programstyret gir innspel til lektorsenteret og UiB sentralt om denne høyringssaka i tråd med dei kommentarane som kjem fram i saksførelegget og i diskusjonen.

Sak 25/23 Fagkombinasjonar i lektorutdanninga

Notat frå lektorsenteret

Drøftingssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 10. mai 2023

ephorte: 23/206

Fagkombinasjonar i lektorutdanninga ved UiB

Programstyret har etterlyst talgrunnlag for korleis fagkombinasjonane i lektorutdanninga faktisk utartar seg. Dette ønsket har òg kome fram i samband med redesignprosessen; ein ønskjer då òg å sjå nærmare på kva for faglege kombinasjonsmoglegheiter som er minst og mest føremålstenlege.

Fagkombinasjonar kan forståast som anten kombinasjonar av fag 1 og fag 2 i lektorutdanninga, og andre gonger som kombinasjonar av ulike valemne innanfor eit disiplinlag, t.d. omfanget av emnekombinasjonar innanfor fag 1. I denne saka er fokuset på kombinasjonar av fag 1 og fag 2.

Lektorutdanninga ved UiB tillét ikkje kombinasjonar mellom realfag og humanistiske/samfunnsfag. Årsaken til dette er praktisk og logistisk, og ikkje prinsipiell; det har ikkje vore mogleg å få til dette innanfor den studiemodellen vi har i dag. I redesign-arbeidet var det opprinneleg ei målsetting å opne for slike kombinasjonar, men undervegs i arbeidet har denne moglegheita vorte lagt til sides.

Lektorprogrammet i matematikk og naturfag opnar for nokre kombinasjonar mellom faga biologi, fysikk, kjemi og matematikk, men ikkje alle. Dei moglege kombinasjonane i dag er matematikk og fysikk, kjemi og matematikk, biologi og matematikk, biologi og kjemi, matematikk med naturfag som fag 2. Her er altså ikkje alle kombinasjonar tilgjengelege.

Lektorprogramma i framandspråk, nordisk, historie, religionsvitenskap og samfunnsfag femnar om åtte disiplinlag som alle kan takast som anten fag 1 og fag 2, og som kan kombinerast fritt utan avgrensingar.

I redesignprosessen har det vore fokus på bl.a. korleis vi kan planleggje eit kollisjonsfritt studieløp og handtere emne frå ulike fag i same semester, ikkje minst i semester med praksis. Reint praktisk tyder dette at ein kombinasjon av fag 1 og fag 2 i same semester må kollisjonssikrast for minimum 16 emne. Kombinasjonar av fag 1 og fag 2 i same semester vil difor normalt ikkje kunne planleggjast kollisjonsfritt innanfor normal arbeidstid 8–16.

Eit anna forhold ved fagkombinasjonar, er at studentane skal ha relevant praksis i faga sine. Nokre fag har få undervisningstimar i anten ungdomsskulen eller vidaregåande skule, eventuelt begge skuleslaga, og dersom ein kombinerer to slike fag vil gjere det vanskeleg å skaffe relevant praksis og påverke kvaliteten i praksisen. Andre studiefag utgjer ikkje eigne fag i alle skuleslag, og i nokre tilfelle er to ulike studiefag det same skulefaget, som tilfellet er med historie og samfunnsfag (sosiologi) i ungdomsskulen. Med fleire studentar i praksis har fagkombinasjonsproblematikken blitt endå meir aktualisert.

Eit tredje forhold som er verdt å reflektere over, er at studentane skal ut i ein arbeidsmarknad der kombinasjonen av fag spelar ei rolle for om studentane skal få full jobb etter utdanning. Her er det eit spørsmål om kva rolle UiB skal spele for å regulere valmoglegheitene med tanke på arbeidslivsrelevans. I den samanhengen kjem vi inn på spørsmål om fagleg breidde vs. fagleg spissing, valfridom vs. styring, faginterne ønske vs. fageksterne ønske etc.

Talgrunnlag

I det følgjande legg vi fram talgrunnlag for ei vidare drøfting kring spørsmålet om fagkombinasjonar:

- eit oversyn over fordelinga av fagkombinasjonar på kulla frå 2016-2022
- informasjon om skulefaga og problemstillingar rundt praksisutplassering
- respons frå skuler saman med funn frå NOKUT-evaluering om lektorkandidatene sin fagbakgrunn.

Fagkombinasjonar ved HF og SV

1. Tabellen under viser fordelinga av fagkombinasjonar av fag 1(studieretning) og fag 2, for kulla 2016 -2022.

Studieprogram/studieretning	Engelsk som fag 2	Fransk som fag 2	Historie som fag 2	Nordisk som fag 2	Religionsvitenskap som fag 2	Sosiologi som fag 2	Spansk som fag 2	Tysk som fag 2	Totalsum
MAHF-LÆFR	18	6	112	16	43	43	7	3	248
ENGELSK		6	94	9	32	36	7	2	188
FRANSK	7		1	2	7				17
SPANSK	5		8	1	1	4		1	20
TYSK	6		9	4	3	2			24
MAHF-LÆHR	90	3	20	74	15	21	6	7	237
MAHF-LÆHR-HIS	43			44	15	13	4	2	122
MAHF-LÆHR-RELV	47	3	20	30		8	2	5	115
MAHF-LÆNO	7	4	123		37	71	13	2	257
NORDISK	7	4	123		37	71	13	2	257
MASV-LÆSF	5		9	9	3			1	27
Totalsum	120	13	264	99	98	135	26	13	768

Dersom vi tek utgangspunkt i det einkilde disiplinfaget og framstiller tala i tabellen over ut frå dette får vi ei oversikt som viser det totale talet på kombinasjonar av fag 1 og fag 2, i tillegg til kor mange av studentane med denne kombinasjonen som har faget som fag 1 og fag 2.

2. Tabellane under viser fagkombinasjonar per studieretning:

	Totalt	Nordisk fag 1	Nordisk fag 2
Nordisk og engelsk	16	7	9
Nordisk og historie	167	123	44
Nordisk og fransk	6	4	2
Nordisk og tysk	6	2	4

Nordisk og spansk	14	13	1
Nordisk og sosiologi	80	71	9
Nordisk og religionsvitenskap	67	37	30

	Totalt	Engelsk fag 1	Engelsk fag 2
Engelsk og nordisk	16	9	7
Engelsk og historie	137	94	43
Engelsk og fransk	13	6	7
Engelsk og tysk	8	2	6
Engelsk og spansk	12	7	5
Engelsk og sosiologi	41	36	5
Engelsk og religionsvitenskap	79	32	47

	Totalt	Spansk som fag 1	Spansk som fag 2
Spansk og engelsk	12	5	7
Spansk og nordisk	14	1	13
Spansk og fransk	0	0	0
Spansk og tysk	1	1	0
Spansk og sosiologi	4	4	0
Spansk og historie	12	8	4
Spansk og religionsvitenskap	3	1	2

	Totalt	Fransk fag 1	Fransk fag 2
Fransk og engelsk	13	7	6
Fransk og nordisk	6	2	4
Fransk og sosiologi	0	0	0
Fransk og tysk	0	0	0
Fransk og spansk	0	0	0
Fransk og historie	1	1	0
Fransk og religionsvitenskap	10	7	3

	Totalt	Tysk fag 1	Tysk fag 2
Tysk og engelsk	8	6	2
Tysk og nordisk	5	4	1
Tysk og sosiologi	3	2	1
Tysk og fransk	0	0	0
Tysk og spansk	1	0	1
Tysk og historie	11	9	2
Tysk og religionsvitenskap	8	3	5

	Totalt	Sosiologi fag 1	Sosiologi fag 2
Sosiologi og engelsk	41	5	36
Sosiologi og nordisk	80	9	71
Sosiologi og fransk	0	0	0
Sosiologi og tysk	3	1	2
Sosiologi og spansk	4	0	4
Sosiologi og historie	22	9	13
Sosiologi og religionsvitenskap	11	3	8

	Totalt	Historie fag 1	Historie fag 2
Historie og engelsk	137	43	94
Historie og nordisk	167	44	123
Historie og fransk	1	0	1
Historie og tysk	11	2	9
Historie og spansk	12	4	8
Historie og sosiologi*	22	13	9
Historie og religionsvitenskap	35	15	20

	Totalt	Rel.vit som fag 1	Rel.vit som fag 2
Religionsvitenskap og engelsk	79	47	32
Religionsvitenskap og nordisk	67	30	37
Religionsvitenskap og fransk	10	3	7
Religionsvitenskap og tysk	8	5	3
Religionsvitenskap og spansk	3	2	1
Religionsvitenskap og historie	35	20	15
Religionsvitenskap og sosiologi*	11	8	3

* For studentar ved lektorutdanning med master i historie eller religion vart det først mogleg å velje sosiologi som fag 2 i 2020 og gjeldande frå og med kull 2019. I kull 2019 var det 3 stk. som valde sosiologi som fag 2, for kull 2020: 10 stk. og for kull 2021: 8 stk.

3. Tabellen under viser fagkombinasjonar etter frekvens, uavhengig av kva som er fag 1 og fag 2 i kombinasjonen:

Nordisk og historie	167
Engelsk og historie	137
Nordisk og sosiologi	80
Engelsk og religionsvitenskap	79
Nordisk og religionsvitenskap	67
Engelsk og sosiologi	41
Historie og religionsvitenskap	35
Religionsvitenskap og historie	35
Historie og sosiologi	22
Nordisk og engelsk	16

Nordisk og spansk	14
Engelsk og fransk	13
Engelsk og spansk	12
Historie og spansk	12
Historie og tysk	11
Sosiologi og religionsvitenskap	11
Religionsvitenskap og fransk	10
Engelsk og tysk	8
Religionsvitenskap og tysk	8
Nordisk og fransk	6
Nordisk og tysk	6
Sosiologi og spansk	4
Sosiologi og tysk	3
Religionsvitenskap og spansk	3
Historie og fransk	1
Spansk og tysk	1
Sosiologi og fransk	0
Spansk og fransk	0
Fransk og tysk	0

Fagkombinasjonar ved MN

1. Tabellen under viser fordelinga av fagkombinasjonar av fag 1 (studieretning) og fag 2, for kulla 2016 -2022

Fagkombinasjonar	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Totalt
Biologi med geofag som fag 2				1				1
Biologi med kjemi som fag 2	5	8	2	3	4		9	31
Biologi med matematikk som fag 2	6	10	2	11	5	8	2	44
Fysikk med matematikk som fag 2	8	4	5	5	4	4	5	35
Geofag med biologi som fag 2				1				1
Geofag med kjemi som fag 2	1				1	1		3
Geofag med matematikk som fag 2				1				1
Kjemi med biologi som fag 2	4	2	3	3		1	2	15
Kjemi med geofag som fag 2	1							1
Kjemi med matematikk som fag 2	4	3	1	4	4	1	2	19
Matematikk med biologi som fag 2	2		3	1		2	3	11
Matematikk med fysikk som fag 2	8	10	7	6	9	6	7	53
Matematikk med kjemi som fag 2	2		4	8	1	2	5	22
Matematikk med naturfag som fag 2	5	5	3	1	10	7	3	34
sluttet før valgt	5	4	10	4	5	7	4	39
Totalsum	51	46	40	49	43	39	42	310

2. Tabellen under viser tal på studentar per fagkombinasjon, uavhengig av kva som er fag 1 og fag 2 i kombinasjonen, periode 2016 – 2022:

	Biologi	Fysikk	Geofag	Kjemi	Naturfag	Matematikk
Biologi			2	46		55
Fysikk						88
Geofag				4		1
Kjemi						41
Naturfag						34
Matematikk						

	Ikkje tilbydd
	kan unntaksvis bli tilbydd etter søknad

Fagkombinasjonar ved andre institusjonar

Ulike institusjonar har ulike løysingar og modellar for kombinasjonar av fag 1 og fag 2. Vi har henta informasjon om løysingane ved UiO, NTNU, UiS og UiA.

Universitetet i Oslo (UiO)

Ved UiO har dei lektorprogram i fem studieretningar. Under følger studieretningane med fagkombinasjonane dei tilbyr.

Engelsk:

Engelsk - fransk
 Engelsk - tysk
 Engelsk - nordisk
 Engelsk – spansk

Nordisk:

Nordisk – engelsk
 Nordisk – samfunnsfag
 Nordisk – historie
 Nordisk – religion og etikk
 Nordisk – fransk
 Nordisk – spansk
 Nordisk – tysk

Realfag:

Matematikk - fysikk
 Matematikk – kjemi
 Matematikk - naturfag
 Matematikk – geografi/geofag
 Kjemi - matematikk
 Kjemi – biologi/naturfag
 Fysikk – matematikk
 Geografi/geofag - matematikk
 Biologi – kjemi/naturfag
 Biologi/naturfag - matematikk (for studenter med opptak fra og med høsten 2019)

Framandspråk:

Fransk	Spansk	Tysk
Fransk - engelsk	Spansk - engelsk	Tysk - engelsk
Fransk - nordisk	Spansk - nordisk	Tysk - nordisk
Fransk - samfunnsfag	Spansk - samfunnsfag	Tysk - samfunnsfag
Fransk - historie	Spansk - historie	Tysk - historie
Fransk - religion og etikk	Spansk - religion og etikk	Tysk - religion og etikk

Kultur- og samfunnsfag

Historie	Samfunnsfag	Religion og etikk
Historie – nordisk	Samfunnsfag – nordisk	Religion og etikk - engelsk
Historie – engelsk	Samfunnsfag – engelsk	Religion og etikk - nordisk
Historie – fransk	Samfunnsfag – fransk	
Historie – spansk	Samfunnsfag – spansk	
Historie – tysk	Samfunnsfag – tysk	

Restriksjonane for fagkombinasjonar ved UiO vart innførde i 2011. Hovudprinsippet var at studentane måtte velje minst eitt undervisningsfag med mange timar på ungdomsskulen og vidaregåande skule, dvs. matematikk, norsk, engelsk og framandspråk. Det vart vist til praksissituasjonen og jobbmoglegheiter (jf. [programevaluering](#)). Ved UiO kan ein merka seg følgande:

- Engelsk kan berre kombinerast med eit anna språkfag
- Kombinasjonen historie – samfunnsfag eksisterer ikkje

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU)

Ved NTNU har dei seks lektorutdanningsprogram og ti studieretningar. Alle programma inneheld følgande orientering om det å velje fag 2:

Du bør tenke gjennom flere spørsmål før du skal velge fag 2:

Hvilket fag passer best til mine interesser og egenskaper?

- *Hvilke fag virker interessante? For å bli en god lærer er det viktig at du liker faget ditt.*
- *Hvordan vil valget bidra til at du i jobben som lærer kan trives og få brukt dine sterke sider?*
- *Hvordan kan kombinasjonen av fag bidra til variasjon i arbeidshverdagen din?*

Hvordan vil valget påvirke mulighetene i arbeidsmarkedet som lærer?

- *Arbeidsmarkedet for lærere er ikke likt over hele landet. Det avhenger av hvor i landet du søker jobb.*
- *I skolen er det noen fag som har mer undervisning enn andre, og det er forskjeller mellom ungdomsskolen og videregående skole. Dersom du velger to fag med lite undervisningstid, kan det bli vanskelig å fylle en hel stilling på samme skole.*
- *I noen fag utdannes det mange og i andre fag få lærere sammenlignet med det samfunnet trenger eller kommer til å trenge i årene som kommer.*

Under følger studieretningane med fag 2 kombinasjonane dei tilbyr.

Lektorutdanning i geografi*

Anbefalte fag 2	Andre fag 2 du kan velge i samråd med studieveileder
Nordisk	Biologi

Engelsk Spansk Kroppsøving og idrett Matematikk Religionsvitenskap	Fransk Historie Samfunnsfag Tysk
--------------------------------------------------------------------------------	-------------------------------------------

Lektorutdanning i samfunnsfag *

Anbefalte fag 2	Andre fag 2 du kan velge i samråd med studieveileder
Engelsk Kroppsøving og idrett Matematikk Nordisk Religionsvitenskap Spansk	Fransk Geografi Historie Tysk

* For både samfunnsfag og geografi står det følgende om å velje andre samfunnsfag som fag 2: *Du må være oppmerksom på at faget samfunnsfag i grunnskolen er likt fordelt mellom geografi, historie, og samfunnskunnskap. Geografi gir deg automatisk undervisningskompetanse for hele samfunnsfaget. Vi anbefaler derfor ikke at du velger historie eller samfunnsfag (sosiologi eller statsvitenskap) som undervisningsfag 2 om du studerer lektor i geografi.*

I videregående utdanning er dette litt annerledes – der er geografi og historie egne fag. Likevel er de fag med begrenset undervisningstid, som gjør at du kan få problemer med å få full stilling.

Lektorutdanning i kroppsøving og idrettsfag

Godkjente fag 2

Biologi
Engelsk
Historie
Matematikk
Nordisk
Samfunnsfag

Lektorutdanning i realfag

Ved studiestart velger du en av disse fem fagkombinasjonene:

Matematikk og biologi
Matematikk og fysikk
Matematikk og informatikk
Matematikk og kjemi
Biologi og kjemi

Lektorutdanning i språkfag

Studieretning engelsk

Anbefalte fag 2	Andre fag 2 du kan velge i samråd med studieveileder
Historie Nordisk Religionsvitenskap Samfunnsfag Spansk	Fransk Geografi Kroppsøving og idrett Matematikk Tysk

Studieretning fransk

Anbefalte fag 2	Andre fag 2 du kan velge i samråd med studieveileder
Engelsk Historie Nordisk Samfunnsfag	Matematikk

Studieretning nordisk

Anbefalte fag 2	Andre fag 2 du kan velge i samråd med studieveileder
Engelsk Historie Religionsvitenskap Samfunnsfag Spansk	Fransk Geografi Kroppsøving og idrett Matematikk Tysk

Studieretning tysk

Anbefalte fag 2	Andre fag 2 du kan velge i samråd med studieveileder
Engelsk Historie Nordisk Samfunnsfag	Matematikk

Lektorutdanning i historie

Ingen informasjon om fag 2

Ved NTNU kan ein merke seg følgjande:

NTNU gir tydeleg informasjon om konsekvensar ved val av fag 2. I tillegg gjer NTNU eit skilje mellom fag 2 som blir tilrådde og fag 2 som ikkje blir tilrådde, med grunngjeving.

Universitetet i Stavanger (UiS)

UiS har to lektorutdanningsprogram, eitt for realfag og eitt for humanistiske fag. Dei tilbyr følgande fag 2 kombinasjonar:

Lektorutdanning realfag

Du kan velge å ta fordypningsfag i enten matematikk eller fysikk.

- *Dersom du velger matematikk som fag 1 kan du i årsstudiet (fag 2) velge fysikk, kjemi, historie, nordisk, engelsk, religion, naturfag eller idrett.*
- *Fysikk som fag 1 må kombineres med matematikk som fag 2.*

Lektorutdanning trinn (humanistiske fag)

Fag 1 er fordypningsfaget du tar master i. Du kan velge mellom historie, nordisk og engelsk.

- *Fag 2 utgjør en årsenhet, og her kan du velge mellom historie, nordisk, engelsk, matematikk, religion, naturfag og idrett. For å kunne ta matematikk eller naturfag må søker dekke realfagskravene.*

- Dersom du velger historie som fag 1 kan du velge mellom nordisk, engelsk eller matematikk som fag 2.

Ved UiS tilbyr dei ikkje kombinasjonen historie og samfunnsfag.

Universitetet i Agder (UiA)

Lektorutdanninga ved UiA er sett saman av to årsstudium, profesjonsfag og masterfag. Minst eitt av faga ein vel som årsstudium må vere eit fag som vert tilbydt som masterfag. Ein vel masterfag i løpet av andre studieår. Val av fag 2 vert difor styrt av kva fag som vert tilbydt som masterfag.

Fag ein kan velgje i første og andre studieår, kor faga som vert tilbydt som masterfag er utheva:

engelsk
historie
idrett
matematikk
nordisk
religion
samfunnskunnskap
fransk
naturfag
spansk
tysk

Kva har fagkombinasjon å seie for skulane?

Funn i NOKUT-evaluering

I samband med NOKUT si evaluering av lektorutdanninga for 8-13. trinn (2020 -2022) gjennomførte dei nokre spørjeundersøkingar. Ein av desse var blant leiarar i ungdom- og vidaregåande skular [om korleis dei opplever kompetansen til nye lektorar](#). Her kjem det blant anna fram:

- Fagsamansetnad er den viktigaste formelle kvalifikasjonen for å velgje ut kandidatar.
- Det er størst mangel på kvalifiserte lærarar til framandspråk (tysk og spansk), deretter norsk og matematikk.

Spørsmål til samarbeidsskular

Lektorsenteret har sendt nokre spørsmål om fagkombinasjonar til fire av partnerskulane til UiB, to vidaregåande- og to ungdomskular.

Tilbakemeldingane frå ungdomskulane sa følgande:

- Den mest attraktive kompetansen for ungdomskulen er i dei såkalla basisfaga (norsk, matematikk og engelsk).
- Samfunnsfag, naturfag og religion, som er fag dei opplever at mange lektorstudentar har som fag 1, er fag med lågt timetal i ungdomsskulen. Dersom studenten i tillegg har eit anna «småfag» som fag 2 vert fagkompetansen deira for smal ungdomstrinnet.
- Matematikk og naturfag er ein grei kombinasjon, medan å ha berre eitt fag i fagkretsen blir for snevert som t.d. berre naturfag med kjemi, biologi eller fysikk.

- Døme på andre gode kombinasjonar: norsk eller engelsk i kombinasjon med t.d. samfunnsfag/religion eller eit anna språkfag. Dette fordi ein ofte legg opp til tverrfaglege emne.
- Sjølv om andre framandspråk enn engelsk er fag med lågt timetal i ungdomsskulen er det likevel svært viktig å ha lærarar med språkkompetanse i dei faga som skulen tilbyr som såkalla tilvalsfag.

Det vart og nemnd frå skulane at nye lærarar helst burde ha minst tre fag, kor eitt av faga var eit basisfag

Tilbakemeldingane frå vidaregåande skule sa følgande:

- Dei faga som har få timar i løpet av eitt skuleår, er det vanskeleg for lærarar å få 100% stilling i. Desse faga er bl.a. geografi, historie, samfunnskunnskap og religion.
- Det kan vere attraktivt er å ha ein kombinasjon av fellesfag og programfag som t.d. psykologi, rettslære, politikk og menneskerettar, sosiologi, russisk, kinesisk, historie og filosofi, samfunnsgeografi og økonomifag.
- Det siste året har det vert vanskeleg å rekruttere lærarar med spansk eller tysk i kombinasjon med andre fag.
- Det er alltid mange søkarar til ledige stillingar som kombinerer historie og engelsk.

Det vart og nemnd at fagtilbodet i skulen er basert på det elevane spør etter og at fagtilbodet difor kan varierer frå år til år.

Kva har fagkombinasjonane å seie for utplassering i og gjennomføring av praksis?

Bakgrunn

Studentane skal ha praksis i både fag 1 og fag 2, og tal på praksisdagar er fastsett nasjonalt i rammeplanen og lokalt i dei enkelte emnebeskrivingane for praksis. For å sikre at studenten får nok *klasseromspraksis* i faga sine, har UiB tidlegare laga interne retningsliner for å operasjonalisere kor mange klasseromstimar studenten skal ha. Per i dag er kravet at studenten skal ha om lag 7,5 praksistimar i eit klasserom per veke, i gjennomsnitt 1,5 timar per dag. Under praksisutplassering ynskjer og UiB at studentane er aleine i eitt av faga sine og samarbeider med ein medstudent i det andre faget.

Ulike fag har ulik storleik i skulen. På timeplanen er det t.d. mykje norsk og lite samfunnsfag og religion. For å sikre at ein student får 7,5 t praksis i eit «lite» fag må studenten følgje fleire klassar eller trinn i same fag.

Som nemnt ovanfor, dekkjer disiplin fag i lektorutdanninga ved UiB fellesfag i både ungdom- og vidaregåande skule. På vidaregåande skule dekker dei også ulike programfag. Programfag er liner som elevane kan velje.

Ungdomsskulen

I ungdomsskulen er det ikkje alltid samsvar mellom faga på timeplanen og disiplin faget til lektorstudentane:

- Naturfag i ungdomsskulen inneheld både biologi, kjemi, fysikk og naturfag.
- Samfunnsfag i ungdomsskulen inneheld både historie, samfunnsfag/sosiologi og geografi.

Dette inneber at studentar som t.d. har fagkombinasjonen biologi og kjemi, berre kan ha praksis i naturfag på ungdomstrinnet, og studentar med t.d. historie og/eller samfunnsfag/sosiologi berre kan ha praksis i samfunnsfag. Dette gjer at det er svært mange som skal ha praksis i naturfag og samfunnsfag.

Både historie og sosiologi er populære fag i lektorutdanninga, både som masterfag og som fag 2. Dette gjer det utfordrande å skaffe nok praksisplassar i samfunnsfag i ungdomstrinnet. Per i dag har praksisadministrasjonen alltid klart å skaffe nok praksisplassar, men studentane har gjerne måtta bli plassert i grupper på tre, for å få kabalen til å gå opp. Hausten 2024 skal det første kullet til lektorprogrammet i sosiologi ut i første langpraksis.

KRLE er eit særskilt lite fag i ungdomstrinnet, og studentar med religion som disiplin fag må ha minimum to klassar og gjerne fleire, for å fylle timetalet per veke. Kor mange klassar ein student må ha praksis i, er avhengig og av kva fag 2 studenten har.

Døme: Våren 2023 har ein av lektorstudentane fire ulike klassar i religion og to klassar i engelsk. Ved å ha praksis i totalt 6 klassar oppnår studenten 8 undervisningstimar per veke.

Sjå vedlegg for illustrasjon av ulike løysningar og kor mange klassar studentar må ha for å oppnå timetal UiB krev per veke.

Tabellen under viser timetalet over tre år, per fag på ungdomstrinnet:

Fag	8-10 trinn
KRLE	153 timer på 3 år
Norsk	398 timer på 3 år
Engelsk	222 timer på 3 år
Fremmedspråk	222 timer på 3 år
Samfunnsfag	249 timer på 3 år
Matematikk	313 timer på 3 år

Vidaregåande skule

Det lettare å oppnå nok undervisningstimar for studentar i vidaregåande skule fordi det finst programfag i mange av disiplin faga frå lektorutdanninga. Storleiken på faget er heller ikkje like utfordrande som i ungdomskulen, med unntak av religion. Det som kan vere mest utfordrande med å finne praksisplassar i vidaregåande skule, er talet på studentar med lik fagkombinasjon.

Studentar som underviste i naturfag på ungdomskulen, kan undervise i programfag som biologi og kjemi i vidaregåande skule. Matematikk er også eit programfag i tillegg til å vere eit fellesfag. Naturfag er også eit fellesfag i vidaregåande, men UiB ser helst at studentane får praksis i programfag sidan det samsvarar best med faga som studentane tek på UiB. Generelt sett er realist-studentane ettertrakta hos praksisskulane og ofte ynskjer dei fleire enn det me har. Inn i mellom hender det likevel at det er utfordrande å skaffe praksisplassar til enkelte fag, som t.d. geofag og biologi.

Historie- og sosiologistudentar har ikkje same praksisfag på vidaregåande skule. Historie er eit fellesfag, om enn relativt lite. Sosiologistudentane kan ha praksis i både samfunnsfag, som er et lite fellesfag, men også i programfaga sosiologi og sosialantropologi eller i sosialkunnskap.

Det er likevel talet på studentar som har samfunnsfag og historie som kan gjere det vanskeleg å skaffe nok praksisplassar som er i tråd med normene til UiB (aleine i eitt fag, saman med ein medstudent i det andre faget).

Det er også ei utfordring å finne praksisplassar til studentar med religionsvitenskap. Religionsfaget har få undervisningstimar med berre 3 timar per veke i 3. klasse i vgs., og er berre for elevar på studiespesialiserande line. Fordi faget har få timar, er det også få rettleiarar i faget. I tillegg opplever praksisadministrasjonen at mange av religionslærarane sjølv er ganske ferske i faget og at ikkje alle har 60 studiepoeng i religion sjølve.

Tabellen under viser timetalet til ulike fag per år i vidaregåande skule:

Fellesfag	Vg1	Vg2	Vg3	Totalt
Religion og etikk			3 t pr uke. 84 totalt	84
Norsk	4 t pr uke. 113 totalt	4 t pr uke. 113 totalt	6 t pr uke. 168 totalt	395
Engelsk	5 t pr uke. 140 totalt			140
Fremmedspråk	4 t pr uke. 113 totalt	4 t pr uke. 113 totalt		226
Samfunnsfag	3 t pr uke. 84 totalt			84
Historie		2 t pr uke. 56 totalt	4 t pr uke. 113 totalt	169
Matematikk	5 t pr uke. 140 totalt	3* (84 totalt) eller 0**		224* eller 140*
Naturfag	5 t pr uke. 140 totalt			140
Programfag				
Programfag etter valgt programområde		10	10	20
Programfag studieforberedende utd.progr		5	5	10

* berre for elevar som ikkje tek programfag i matematikk

** berre for elevar som tek programfag i matematikk

Døme: Programområdet «realfag» har «kjemi» som eit fagområde og KJ1 eller KJ2 som programfag.

Andre aktuelle programfag er sosiologi og sosialantropologi, sosialkunnskap, biologi, engelsk, framandspråk, ulike matematikkval og framandspråk. Programfag utgjer om lag 50 % av timeplanen i Vg2 og Vg3.

Kjelde: [Språk, samfunnsfag og økonomi \(Fag- og timefordeling\) | Videregående opplæring - vilbli.no](#)

Vurdering

Lektorutdanninga ved UiB har ein svært open modell, der kombinasjonar innanfor grensene av HF/SV og MN er tilgjengelege.

Fordelar med vår opne modell er at kvar student i større grad kan velje etter sine interesser og ønske, og det kan spele ei rolle for både rekruttering og for kor tilfredse studentane kjenner seg. At ein student tek fag som er «like», vil kunne ha gi positiv synergieffekt på læringsutbyttet. Dersom ein har faglege interesser i t.d. historie, er det relevant å trekkje inn sosiologisk teori.

Samtidig har UiB ansvar for å tenkje på det heilskaplege biletet. utfordringane er for det første knytt til praksisopplæringa: Det blir vanskeleg å skaffe praksisplassar når studentar kombinerer to fag med få undervisningstimar, og det blir problematisk når studentane må forhalde seg til mange klassar. Det bidreg til at kvaliteten på praksis blir påverka negativt. Ei anna utfordring handlar om arbeidslivsrelevans ved at studentane utdannar seg til fagkombinasjonar som dei vanskeleg får full lærarstilling med. Det er i den samanhengen verdt å nemne ønsket frå skulane om fagleg breidde hos studentane. Det er òg blitt påpeika at fagleg breidde gir positiv fagleg synergieffekt. Ei tredje og meir studiemessig utfordring handlar om kollisjonar mellom undervisning, vurdering og praksis opp mot disiplinfaga. Dersom ein minskar talet på fagkombinasjonar, vil det vere meir realistisk å unngå kollisjonar i studieløpet. Omsynet til eit kollisjonsfritt studieløp står sentralt i arbeidet med redesign av lektorutdanninga og er viktig for studiekvaliteten.

Det er her fleire omsyn som må vegast mot kvarandre, og opning og lukking kan ha positive effektar ut frå ulike føresetnader. Det som er tydeleg, er at UiB har den mest opne modellen for fagkombinasjonar blant norske lektorutdanningsinstitusjonar.

Den fagkombinasjonen som framstår som mest problematisk ved UiB, både prinsipielt og praktisk, er kombinasjonen med historie og sosiologi. Deretter er det utfordrande sider ved kombinasjonar med religion, dvs. religion-historie og religion-sosiologi.

Programstyret blir invitert til å diskutere spørsmålet om fagkombinasjonar i lektorutdanninga før dette blir gjort til ei mogleg vedtakssak.

VEDLEGG: ILLUSTRASJON PÅ PRAKSISKABALAT PÅ UNGDOMSTRINNET*Norsk og religion: totalt 3 klassar*

	Tid	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.	08.30-09.30					KRLE 8B
2.	09.40-10.40	Norsk 8A		KRLE 8B	Norsk 8A	Norsk 8A
3.	11.25-12.25	KRLE 10A		Norsk 8A		
4.	12.35-13.35	KRLE 10A				
5.	13.45-14.45					

Engelsk og religion: totalt 6 klassar

	Tid	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.	08.40 – 09.40	Krle 10f		Engelsk 8d		Krle 9b
2.	09.50 – 10.50	Krle 9e			Engelsk 8e	
3.	11.00 – 12.00			Engelsk 8e		Engelsk 8d
4.	12.30-13.30				Krle 10g	
5.	13.40 - 14.40					

Historie og sosiologi (dobbel samfunnsfag): Totalt 3 klasser, alle trinn

	Tid	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.	08:30-09:30	9E Samfunnsfag R4		10C Samfunnsfag R9	9E Samfunnsfag R4	
2.	09:40-10:40				10C Samfunnsfag R9	
3.	11:30-12:30					8D Samfunnsfag R11
4.	12:40-13:40					10C Samfunnsfag R9
5.	13:50-14:50			8D Samfunnsfag R11		

Dobbelt naturfag: Totalt 4 klasser – alle trinn

	Tid	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.	08:30-09:30	9B Naturfag Forskerrom				
2.	09:40-10:40			8D Naturfag R11		8D Naturfag R11
3.	11:30-12:30				9A Naturfag R14 (oddetallsuker)	
4.	12:40-13:40		9B Naturfag R1	10B Naturfag R8	9A Naturfag R14 (90 min)	
5.	13:50-14:50	10B Naturfag R8				
6.						

Sak 26/23 Fagfellerapportar 2022

Notat frå lektorsenteret

Drøftingssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 10. mai 2023

ephorte: 23/206

Bakgrunn

Som en del av kvalitetssikringssystemet ved UiB, har lektorutdanninga fire eksterne fagfeller ved kvart av lektorutdanningsfakulteta (HF, MN, SV og PF). Fagfellene leverer ein årleg rapport kor dei gjer greie for arbeidet dei har utført.

I førre møte, [22.03.23 sak 13/23](#), var det semje bland medlemmene at fagfellerapportane skal leggst fram til drøfting i felles programstyre etter at dei lokale programstyra/lektorutdanningsutvala har handsama dei. I møtet vart det også drøfta både eigar- og ansvarsforhold for rapportane i tillegg til forventningar for handsaminga internt på fakulteta. Lektorsenteret har sendt brev til fakulteta med punkta som medlemmene vart samde om.

Fagfellerapportane for 2022 er handsama noko ulikt på fakulteta.

1. Fagfellerapport frå Det humanistiske fakultet (HF)

Ekstern fagfelle for lektorprogramma ved HF er førsteamanuensis Jonas Bakken frå UiO. Tema for rapporten: Korleis legg studiet til rette for lektorstudentane si vidare profesjonsutvikling og kor følgjande perspektiv på temaet var særleg etterspurt:

- *Ferdig utdannet lektor – hva nå? Hva skal til for å utvikle seg videre innenfor profesjonen?*
- *Gir studieemnene retning og strategier for videre faglig utvikling?*
- *Hvordan lærer studenten å benytte seg av forskning til å oppdatere seg som profesjonsutøver?*
- *Hvilken rolle spiller praksisemnene når det gjelder å forberede studenten på videre utvikling innenfor profesjonen?*
- *I hvor stor grad legger studiet til rette for studentens utvikling av evne til kritisk tenking relatert til fag og profesjon?*

Rapporten er lagt ved i e-posten med møteinnkallinga.

Handsaming:

Ved HF blir ekstern fagfellerapport først handsama i programstyra, deretter i LUHF og til slutt i studiestyret:

- I handsaminga av rapporten i LUHF, [20.12.22, sak 19/12](#) kom det fram usikkerheit om korleis rapporten skulle følgast opp og kven som hadde ansvar for dette.
- Kommentrarar frå programstyra er lagt ved i e-posten med innkallinga.
- Rapporten, saman med kommentrarar frå programstyra, blei lagt fram for studiestyret 26.04.23. Referatet frå dette møtet er ikkje klart enno.

2. Fagfellerapport frå Det matematisk- naturvitskapelege fakultet (MN)

Ekstern fagfelle for lektorprogrammet ved MN er førsteamanuensis Anders Sanne frå NTNU. Anders Sanne var ny fagfelle hausten -22 og fekk ikkje eit konkret vurderingsoppdrag for 2022. Det vart avtalt at han skulle gjere seg betre kjend med lektorutdanninga ved UiB og rapporten er difor eit «blikk utanfrå» på studieprogrammet.

Rapporten er lagt ved i e-posten med møteinnkallinga.

Handsaming:

MN har ikkje hatt ei eiga drøfting av rapporten då den i all hovudsak handlar om tema knytt til redesign-prosessen. Rapporten er i staden nytta i delar av redesign arbeidet på MN.

3. Fagfellerapport frå Det samfunnsvitskapelege fakultet (SV)

Ekstern fagfelle for lektorprogrammet ved SV er førsteamanuensis Brita Bungum frå NTNU.

SV fekk sin første fagfelle for lektorprogrammet hausten 2022. Sidan SV sitt lektorprogram hadde oppstart hausten 2021 skulle fagfellen konsentrere seg om oppstartsperioden og kva erfaringar, særleg lektorstudentane, har gjort seg så langt.

Rapporten er lagt ved i e-posten med møteinnkallinga.

Handsaming:

Rapporten er handsama i undervisningsutvalet til sosiologi og tatt til etterretning.

Rapporten er også handsama i programstyret for lektorprogrammet i sosiologi, kor følgande kommentarar er notert:

- *Fagfellen kommenterer positivt på at vi har fått til en kullfølelse og lektoridentitet, og dette er noe vi vil fortsette å arbeide for. Et av tiltakene som allerede er gjort er at vi organiserte et sosialt møte med begge kullene og oppfordret dem til å organisere seg i en lokal linjeforening, og dette har studentene nå gjort.*
- *Rapporten pekte på noen utfordringer som kan komme fremover i tid basert på fagfellens erfaring fra NTNU. Vi har notert oss disse og tar med oss forslagene i videre arbeid.*
- *Vi savnet omtale av didaktikk i rapporten*

4. Fagfellerapport frå Det psykologiske fakultet (PF)

Ekstern fagfelle for pedagogikk i lektorutdanninga ved PF var professor May Britt Postholm frå NTNU.

Fagfellen sitt oppdrag var å evaluere emnet PEDA 102.

Rapporten er lagt ved i e-posten med møteinnkallinga.

Handsaming:

Tilbakemelding frå programansvarleg om innhald og oppfølging av fagfellerapporten:

Oppdraget til ekstern fagfelle May Britt Postholm var å evaluere emnet PEDA102. Postholm leverte sin rapport 10. juni 2022.

Hun konkluderer med at studentene er fornøyde med gjennomføringen av PEDDA102 (og PPU-studiet generelt), og at det er samsvar mellom studentenes oppfatning og lærerutdannernes intensjoner når det gjelder emnet PEDDA102. Rapporten peker på et behov for en større bevisstgjøring blant studentene om vurderingskriteriene for aksjonsforskningsrapporten som er eksamen i PEDDA102. Dette er fulgt opp på emnet ved at man har revidert vurderingskriteriene og lagt dem inn i samme dokument som retningslinjene for rapporten.

Fagfeller rapporten ble behandlet i undervisningsutvalget ved Institutt for pedagogikk i desember 2022, og ble brukt som grunnlagsmateriale i den 5-årige programevalueringen av PPU som ble ferdigstilt våren 2023.

Felles programstyre har ansvar for heilskapen i lektorutdanninga og skal sjå på ev. tverrfaglege og strukturelle forhold som kjem fram i rapportane og medlemmene bli bedt om å drøfte innhaldet i rapportane ut i frå dette.

Sak 27/23 Redesign

Notat frå lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 10. mai 2023

ephorte: 23/206

Styringsgruppen gjorde vedtak om valg av modell i redesign-arbeidet i møtet 15.02.23:

Styringsgruppen vedtar modell A for MN og forutsetter at ex.phil. i femte semester tilpasses lektorprogrammet.

For HF og SV legges modell D til grunn for den videre prosessen. Videre innpassing av modellen skjer under ledelse fra lektorsenteret i samarbeid med involverte fakultet og prosjektgruppen. Endelig modell blir vedtatt i felles programstyre.

I oppfølgingen av vedtaket har det vært en rekke møter med HF, SV og lektorsenteret, i tillegg til flere skriftlige innspill til hvordan modell D kan implementeres særlig ved HF. Det har også vært møter i prosjektgruppen for redesign og kontakt via telefon og epost mellom ulike aktører, både frem til møtet i programstyret 22.03.23 og i etterkant av dette.

I møte 22.03.23 gjorde programstyret følgende vedtak:

1) Felles programstyre for lektorutdanningen tar til etterretning at modell D for HF/SV er vedtatt av styringsgruppen. Programstyret forutsetter at både femte og åttende semester blir gjort fri for kollisjoner mellom praksis og undervisning på campus.

2) Programstyret ønsker at arbeidet med redesignprosessen fortsetter med like stor intensitet, med målsetting om å holde på den tidsplanen som er satt.

Drøftinger omkring femte semester i modell D

Drøftingene både i forkant og i etterkant av programstyrets vedtak har i stor grad handlet om det lektortilpassede emnet i femte semester som går samtidig med langpraksis, didaktikk og pedagogikk. Noen av fagmiljøene har ønsket at dette skal være et disiplinifagemne, og de ulike forslagene har blitt vurdert i lys av kollisjonsmatrisene som er utviklet i redesign-prosessen og spesifikt for modell D. Vurderingen i redesignprosjektet er at et lektortilpasset emne i femte semester ikke kan ha felles undervisning med emner som også skal tas av andre studentgrupper (som bachelorstudenter og årsstudener), dersom det skal være mulig å legge undervisning og vurdering kollisjonsfritt mot praksis for alle disiplinifagene, didaktikk og pedagogikk som da må koordineres på tvers av kull, fag og mot andre studieprogram.

Konsekvenser for tidsplan

Arbeidet med utgreiinger av løsninger innenfor modell D som har funnet sted i februar og mars har vært omfattende, og har som konsekvens at tidsplanen for våren 2023 er forskjøvet med vel tre måneder. Samtidig er det et sterkt ønske ved alle fakultet om å komme i havn med implementering av ny studieplan og modell fra høsten 2024. Lektorsenteret har vært i kontakt med fakultetenes studieseksjoner om mulighetene for å skyve på fristene. Ideelt sett ønsker fakultetene å holde på ordinære frister for endringer, som tilsier utvalgsbehandling i fakultetsstyret eller andre delegerte organ i løpet av september/oktober, slik at

rekrutteringstekster, nettsider og studentinformasjon om overgangsordninger kan være klare i god tid og ordinære frister, dvs. innen 1. desember.

Drøftinger i prosjektgruppen 14.03.23 og i programstyret 22.03.23 viser at der noen fagmiljø og fakultet ser det som realistisk å komme i mål med sitt arbeid innen september, ser andre det som urealistisk. Arbeidet med profesjonsdelen i lektorutdanningen er også forsinket og innebærer et grundig utviklingsarbeid på tvers av fagmiljø.

Etter en ny sondering med fakultetene om tidsfrister for vedtak ser vi at det vil være mulig å forskyve tidsplanen med de tre månedene vi har mistet, slik at utvalgsbehandlingen av emne- og studieplaner kan skje tidlig i 2024. Se vedlagt tidsplan. Utviklingsarbeidet i fagmiljøene vil da kunne strekke seg frem til 1. november. Med denne forskyvningen sikrer vi tid til det faglige utviklingsarbeidet som trengs for å få en godt integrert praksisordning både med profesjonsfag og disiplinforfag.

Rekrutteringsarbeid og studentinformasjon

Arbeidet med rekrutteringstekster for opptak høsten 2024 må starte opp parallelt med ferdigstillingen av studie- og emneplaner høsten 2023, og det vil også være viktig at både fagmiljø/fakultet og lektorsenteret/programstyret klargjør god informasjon til studentene om overgangsordninger mellom gammel og ny studieplan.

Dette må gjøres på to nivå: overgangsordninger i disiplinforfaglige emneporteføljer der hvor man legger om på emnestørrelser og undervisningssemester må greies ut på programnivå (inst/fak). Overgangsordninger på studieplan-/programnivå som avklarer muligheter for overgang mellom gammel og ny studieplan mtp profesjonsdel og praksisordning, må gjøres til behandling i felles programstyre. Dette arbeidet kan gjøres når vi kjenner innholdet i de ulike emnene og deres plassering i studieprogrammet.

VEDLEGG: OPPDATERT TIDSPLAN

Oppdatert tidsplan – redesign av lektorutdanningen

Utvikling, utvalgsbehandling og publisering av nye studieplaner og emneplaner i lektorutdanningen

Dato oppstart	Aktivitet	Dato fullført	Merknad
1. aug. 2024	Opptak av første kull i ny modell	01.08.24	
feb. 24	Publisering av endelig vedtatte studieplaner og emneplaner som gjelder i ny modell.	innen 01.04.24	Publisering av endelig vedtatte emneplaner og studieplaner.
	Orientering i utdanningsutvalget om ny modell og iverksettelse av ny studieplan	mars 24	Orienteringssak om redesign-arbeidet, modell og studieplaner
	Vedtak fakultetstyrer (evt delegerte organ) HF, SV, MN, PF	februar-mars 2024	Vedtak av nye studieplaner for alle program. Avklare med fakultetene om dette er gjennomførbart for deres program og emner.
	Behandling i felles programstyre	januar 24	Fokus på samordning av studieplaner og heilskap og sammenheng mellom profesjonsfag (pedagogikk, didaktikk), praksis og disiplin fag.
	Utgreiing av overgangsordninger for perioden med både gammel og ny modell (haust 2024 - vår 2028).	des.2023	Omtale av overgangsordning må ligge i saken til programstyret. Utgreiing av overgangsordninger må baseres på redegjørelser for enkeltprogrammernes porteføljer, men i tillegg greie ut overgangsmuligheter mellom ny og gammel praksisordning/profesjonsemner.
	Innsending av studieplaner til handsaming i felles programstyre for lektorutdanninga ved UiB.	01.des.2023	Institutt/fakultet oversender til gjennomgang i felles programstyre før studieplanene vedtas i sine respektive fakultetsstyrer el. delegerte organ.

	Vedtak institutt (lokal programledelse/programstyrer)	innen 01.12.2023	Behandling av emneplaner og studieplaner på fag- og programnivå. Sakene må omtale overgangsordninger for disiplinemnene mellom gammel og ny studieplan/emneportefølje.
	Ferdigstille profesjonsemnene: didaktikk, pedagogikk, praksisemner/praksisordning.	01.11.23	Sak i felles programstyre - behandling av profesjonsemner og praksisordningen. OBS: vedtak av emneplaner for didaktikkemnene og pedagogikkemnene gjøres ved de respektive inst./fakultetene innen 01.12.23. Vedtak av emneplaner for langpraksisemnene gjøres av felles programstyre.
oktober-november	Arbeid med rekrutteringstekster, nettinformasjon. Planlegge rekrutteringskampanjer.	01.12.23	Arbeidet med rekrutteringstekster for H24 kan påbegynnes underveis. Fakultetene har ansvar for hver sine program. Samarbeid med lektorsenteret/redesign.
	Profesjonsseminar	06.jun	Seminar profesjonsfaglige emner. Arbeid med praksisordning og profesjonsemner fortsetter frem til 1. november.
mai 23	Forarbeid i profesjonsfagmiljøa (til profesjonsseminar): utkast til emneplaner og kartlegging av læringsutbyttebeskrivelser sendes inn i forkant av profesjonsseminaret	ca. 1. juni	Planleggingsverktøyet i fra Læringslaben.
april 23	Emneutvikling i fagmiljøa	ca. 01.11.2023	Disiplinemner, praksisemner og profesjonsemner utvikles i sine respektive fagmiljø.

Sak 28/23 Søkjartal og rekruttering

Notat frå lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 10. mai 2023

ephorte: 23/206

Søknadstal

Søkjartala frå Samordna opptak for femårig lektorutdanning (5LU) og lokale søkartal for Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) er klare. Tal på søkarar har gått ned på både 5LU og PPU.

- Lektorutdanninga ved UIB skilte seg frå andre lærestader ved at det skjedde ein auke i 2022, særleg for historie og engelsk. Desse studieretningane har no hatt ein tilbakegang.
- For lektorprogramma er nedgangen for språkfaga utanom engelsk, dvs. nordisk og framandspråk, påfallande.
- For lektorprogrammet for naturvitenskap og matematikk held nedgangen i søkartal fram.
- For PPU har søkartalet gått ned i alle faga utanom tysk, biologi, kjemi og naturfag.

5-årig lektor med master

Tabell 1) Søkjartal til UiB, per studieretning, kor siste kolonne viser samanlikning med 2022:

Studium	2019	2020	2021	2022	2023	Endring 2022-23 %
Lektor, religionsvitenskap	29	40	17	18	8	-55,6
Lektor, historie	98	72	60	106	81	-23,6%
Lektor, fransk	6	7	3	4	1	-75%
Lektor, tysk	6	2	2	1	2	+100%
Lektor, nordisk	55	58	33	28	13	-53,6%
Lektor, naturvit. eller matematikk	55	53	54	43	37	-14%
Lektor, engelsk	69	56	41	77	41	-46,8%
Lektor, spansk	15	19	16	12	6	-50%
Lektor, samfunnsfag			117	84	53	-37%
Totalt	333	307	343	373	242	- 35%

Tabell 2) Tal på 2.- og 3.-prioritetssøklarar, per studieretning:

Studium ved UiB	2. prioritet 2023	3. prioritet 2023
Lektor, religionsvitenskap	32	20
Lektor, historie	37	83
Lektor, fransk	8	2
Lektor, tysk	5	3
Lektor, nordisk	20	17
Lektor, naturvit. eller matematikk	34	34
Lektor, engelsk	54	74
Lektor, spansk	10	9
Lektor, samfunnsfag	38	46

Lektorutdanningen nasjonalt

De nasjonale trendane er tydelege og ser ut til å spele ei meir avgjerande rolle enn eventuelle lokale forhold.

I dei siste par åra har læreryrket har vært myke fokus i media og fokuset har i all hovudsak vært negativt. I første omgang var søkelyset på lærarane sine vanskelege arbeidsforhold under pandemien. Etter det kom den langvarige lærarstreiken som skapte et særleg negativt fokus på lærarløna. Til sist har me og hatt mange oppslag om vald og truslar mot lærarar i skulekvardagen. Dette kan påverke talet på nye søkjarar til lærarutdanninga.

Tabell 3) Oversikt over søkjartal til andre universitet:

Studium ved UiO	Søkere 2022	Søkere 2023	Endring 2022-23 %
Lektor, 8.-13. trinn, engelsk	105	65	-38%
Lektor, 8.-13. trinn, nordisk	79	51	-34%
Lektor, 8.-13. trinn, realfag	49	34	-31%
Lektor, 8.-13. trinn, kultur og samfunnsfag	195	142	-27%
Lektor, 8.-13. trinn, fremmedspråk	33	32	-3%
Totalt	461	324	- 30%

Studium ved UiA	Søkere 2022	Søkere 2023	Endring 2022-23 %
Lektor, m/engelsk i første studieår	21	19	-10%
Lektor, m/historie i første studieår	39	34	-13%
Lektor, m/idrett i første studieår	49	39	-20%
Lektor, m/norsk i første studieår	17	20	18%
Lektor, m/religion i første studieår	13	13	0%
Lektor, m/matematikk i første studieår	22	20	-9%
Lektor, m/naturfag i første studieår	15	8	-47%
Lektor, m/fremmedspr. i første studieår	2	9	350%
Lektor m/samf. kunnsk. i første studieår	35	26	-26%
Totalt	213	188	- 12%

Studium ved NTNU	Søkere 2022	Søkere 2023	Endring 2022-23 %
Lektor i geografi	22	16	-27%
Lektor i historie	105	102	-3%
Lektor i kroppsøving og idrettsfag	160	133	-17%
Lektor i realfag	84	79	-6%
Lektor i samfunnsfag,	102	92	-10%
Lektor i språkfag/engelsk,	67	64	-4%
Lektor i språkfag/fransk,	5	1	-80%
Lektor i språkfag/nordisk,	31	22	-29%
Lektor i språkfag/tysk,	10	3	-70%
Totalt	586	512	- 13%

Studium ved UiS	Søkere 2022	Søkere 2023	Endring 2022-23 %
Lektor, humanistiske fag	81	53	-35%
Lektor, realfag	12	17	42%
Totalt	93	70	- 25%

Studium ved UiT	Søkere 2022	Søkere 2023	Endring 2022-23 %
Lektor, realfag	16	12	-25%
Lektor, språk og samfunnsfag	75	53	-29%
Totalt	107	65	- 29%

Lektorutdanningane over en femårsperiode

Som tabell 1 viste har søkjartala til 5-årig master ved UiB gått ned 35% frå i fjor. Samanliknar me søkjartala med andre lektorutdanningar over en femårsperiode er likevel bildet mindre negativt. Sidan 2019 har lektorutdanninga ved UiB hatt den lågaste nedgangen i søkjartal, på 28%, om me samanliknar med 10 andre lektorutdanningar. En forklaring bak dette er opprettinga av lektorprogrammet i samfunnsfag i 2021, som ga auka søknad til UiB.

Tabell 4) Søkjartal for perioden 2019-2023, per lærestad:

Lærested	2019	2020	2021	2022	2023	Endring 2022-23 %	Endring 2019-23 %
NTNU	799	732	731	586	512	-13 %	-36%
UIO	635	545	452	461	324	-30 %	-49%
UIB	333	307	343	373	242	-35 %	-28%
UIA	267	267	196	213	188	-12 %	-29%
UIT	152	128	107	91	65	-29 %	-58%
UIS	127	125	123	93	70	-25 %	-45%
USN	65	60	53	42	39	-7 %	-40%
NORD	54	45	53	45	28	-38 %	-49%
NMBU	48	44	32	40	24	-40 %	-50%
HINN	34	34	29	21	22	5 %	-36%
MF	44	34	33	33	24	-27 %	-46%
Totalt	2558	2321	2152	1998	1538	-23 %	-40%

Får me fylt alle studieplassar til hausten?

I opptaksramma for 2023 kutta HF 16 studieplassar på lektorutdanninga. Tal på studieplassar på lektorutdanninga ved UiB er såleis redusert frå 191 til 175.

Tabell 5) viser søkjartal og studieplassar i åra 2020 - 2023, kor mange tilbod som er gitt og kor mange som er registeret møtt i åra 2020 – 2022.

	Studieplasser				1.prioritet				Fått tilbud totalt			Andel ja-svar av tilbud			Semesterreg. ved studiestart		
	2020	2021	2022	2023	2020	2021	2022	2023	2020	2021	2022	2020	2021	2022	2020	2021	2022
TOTALT	165	191	191	175	305	341	358	242	301	328	336	73,4%	64,9%	64,6%	199	193	199
MAHF-LÆFR	39	42	42	39	84	66	91	50	74	80	93	73,0%	65,0%	64,5%	50	47	57
MAHF-LÆHR	50	53	53	50	113	75	120	89	107	97	121	72,0%	56,7%	56,2%	72	47	60
MAHF-LÆNO	36	39	39	29	55	32	23	13	63	50	28	76,2%	62,0%	82,1%	41	31	22
MAMN-LÆRE	40	40	40	40	53	51	47	37	59	51	63	71,2%	70,6%	61,9%	36	31	35
MASV-LÆSF		17	17	17		117	77	53		61	40		63,9%	67,5%		37	25

Det er vanskeleg å forskottere i kva grad me får fylt opp studieplassane til hausten, men tala frå tabell 5 kan gi oss ein peikepinn på kor mange studentar me kan forvente å få tatt opp.

PPU

Det var 241 søkjarar til PPU, ein nedgang frå 308 søkjarar i fjor (-21,8%).

Tabellen under viser søkjartal til PPU, per fag, kor siste kolonne viser ei samanlikning med 2022:

Fag	Søkere 2022	Søkere 2023	Endring 2022-23 %
Norsk	46	35	-24%
Norsk som andrespråk	21	14	-33%
Fransk	8	3	-62,5%
Engelsk	61	47	-23%
Spansk	13	10	-23%
Tysk	4	8	100%
Historie	76	54	-29%
Religion	29	27	-7%
Samfunnsfag	96	87	-9%
Psykologi	48	36	-25%
Biologi	41	48	17%
Fysikk	24	12	-50%
Kjemi	19	25	31,5%
Naturfag	58	63	8,5%
Matematikk	51	28	-45%
Geofag	10	Utgår	Utgår
Filosofi	27	21	-22%

Nedgangen i søkjartal for PPU er i stor grad lik tendensane i søkjartal frå 5-årig lektorutdanning. Det er likevel ein positiv auke i alle realfaga, utanom matematikk.

Etter vedtak om omgjerung av PPU plasser, først i 2018, og deretter i 2020, har PPU-plassane vert i gradvis nedbygging fram mot 2025. Tal på studieplassar vil i 2025 vere 70.

Tabellen under viser søkjertal og tal på studieplassar på PPU i åra 2020 - 2023, og kor mange tilbod som er gitt og kor mange som er registeret møtt i åra 2020 – 2022.

Studieplasser				1.prioritet				Fått tilbud totalt			Semesterreg. ved studiestart		
2020	2021	2022	2023	2020	2021	2022	2023	2020	2021	2022	2020	2021	2022
235	189	143	112	406	381	308	241	215	221	170	73	66	48

Tala frå tabellen kan gi oss ein peikepinn på kor mange studentar me kan forvente å få tatt opp.

Rekruttering

Årets rekruttering

I møte 15.02 bad styringsgruppa lektorsenteret om å bruke tilgjengelege midlar til studentrekruttering for lektorprogramma.

Lektorsenteret gjekk i dialog med Kommunikasjonsavdelinga (KA) om bruk av midlar og om ulike alternativ til plakatannonser for 5-årig lektorutdanning i sosiale media og det blei laga ei annonse som vart publisert på Snapchat. Tilbakemeldingane frå KA var at tal på besøk på uib.no/lektor via annonsa var bra og over gjennomsnittet.

Både HF, SV og MN hadde også kampanjar på sosiale media, kor lektorprogramma blei presentert på lik line med andre studieprogram.

Rekruttering for PPU ved Det psykologiske fakultetet (PF):

- Digitalt informasjonsmøte om PPU. Informasjon er bl.a. sendt ut til alle som gjer seg ferdig med master i tillegg til annonsering i aktuelle kanalar retta mot andre skuler/lærarar.
- Samarbeid med MN for å få PPU høgare opp på agendaen ovanfor eigne studentar og tilsette.
- Deltaking på både MN og SV sine karrieredagar.
- PF har også iverksett ein rekrutteringskampanje i samarbeid med reklamebyrået TRY til utvikling av 3 grafiske motion baserte filmar til sosiale media, bl.a. for PPU. Dette ble iverksett utan å være i dialog med lektorsenteret i forkant. Lektorsenteret og PF er i dag i dialog om en betalingsfordeling.

Videre arbeid med rekruttering

Lektorsenteret planlegg å samarbeide med fakulteta og med kommunikasjonsavdelinga (KA) i det vidare rekrutteringsarbeidet for lektorutdanninga (5LUog PPU).

Rekrutteringsarbeidet må sjåast i høve det rekrutteringsmateriale vi allereie har, og det bør vurderast om ein i dei komande åra skal fokusere rekrutteringsarbeidet til dei programma som slit mest med rekruttering. Dette gjelder primært nordisk og de mindre språkfaga, men også matematikk og naturfag har utfordringar med rekrutteringa.

Lektorsenteret har også lyst ut ein stilling som **studentambassadør** ved lektorsenteret, som skal profilere lektorstudiet i rekrutteringssamanheng. Stillinga vil vere en pilot og vil i første omgang bli lyst ut for et 6 mnd. engasjement. Lektorsenteret har dialog med KA om å kople lektorutdanninga sin studentambassadør på et team med 7 andre som KA tilsett i desse dagar.